



KOMMUNEREFORMA



« Eg er uroa for dei demokratiske prosessane rundt interkommunale selskap. Eg meiner samanslåing er det beste for utviklinga i denne regionen i dei nærmaste ti-åra. »

Ikkje i tvil. Tone Fremgård er ikkje i tvil om at Bø, Sauherad og Nome bør bli ein kommune. Ho stemmer ja til kommunesamanslåing.

Foto: Gro B. Røiland

Tone seier ja

Tone Fremgård (45) har heile tida vore for kommunesamanslåing i Midt-Telemark. Det trur ho vil fremje arbeidsplassar, fagmiljø og kompetansemiljø.

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no

Avdelingsleiaren i Nav arbeidslivscenter har base i Skien og på Notodden, men er mykje på farten i fylket. Ho meiner Midt-Telemark allereie er ei eining.

– I forhold til det eg jobbar med i Nav, oppfattast Midt-Telemark som eit arbeidslivsområde. Arbeidsoppgåver som nå blir gjort av Nav i tre kommunar kan

gjerast meir effektivt i ein felles Midt-Telemark-kommune, seier Fremgård.

Arbeidsplassar er eit av hennar argument for kommunesamanslåing i Midt-Telemark.

– Mange i næringslivet er for kommunesamanslåing, og det er viktig å lytte til. Det viktigaste for ein kommune er å bidra til nye arbeidsplassar og vekst, seier Fremgård.

Ho meiner også at ein større kommune kan gjera studiestad Bø sterkare i ein høgskule med fleire folkerike studiestader.

Hjartet i Telemark

Styrka fagmiljø og betre kvalitet på dei kommunale tenestene er også viktige moment for Fremgård. Det trur ho samanslåing vil fremje. Ho har mindre tru på interkommunale selskap.

– Eg er uroa for dei demokratiske prosessane rundt interkommunale selskap. Eg meiner samanslåing er det beste for utviklinga i denne regionen i dei nærmaste ti-åra. Kommunen skal levere gode tenester med god kvalitet. Da må me vera framtidsretta og følgje med på den teknologiske utviklinga. Ting skjer raskt og ein må henge med. Det vil vera stordriftsfordelar ved å slå saman ting på administrativt nivå, seier Fremgård.

Bøheringen med røter på Skotfoss ser for seg at Midt-Telemark vil bli ein attraktiv kommune.

– Det er jo ein flott region me bur i. Ein ny Midt-Telemark kommune vil verkeleg bli hjartet i Telemark, seier Fremgård.



Saknar debatten. Debatten om for eller mot kommunesamanslåing saknar Ingebjørg Ørnulfsdatter Nordbø. Ho har gått frå eit klart ja til tvil.

Tvilaren Ingebjørg

Ingebjørg Ørnulfsdatter Nordbø (60) var i utgangspunktet svært positiv til kommunesamanslåing. Nå er ho ein tvilar. Kva ho skal stemme 10. april, er enno uvist.

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no

Norbø har som kommunepolitiker for Venstre og Miljøpartiet Dei Grøne lang erfaring frå PTN-utvalet (plan, teknikk og næring). Ho var i utgangspunktet og langt inn i prosessen positiv til kommunesamanslåing. Nå er ho ein grublande tvilar.

– Kommunane blir pålagt stadig større oppgåver, og Bø

har hatt mange spørsmål. Det krevst statstøtte, og det er små kommunar som treng mest støtte. Det er teknisk eining, men at dei ville hatt eit fagmiljø. Meir kompetanse, kunne me ha fått. Ein jurist, seier Nordbø. I utgangspunktet var Sauherad og Nome to kommunar. Trua har bleikna.

Skeptisk

– Ryggmargsskade ved samanslåing og eg har blitt meir skeptisk. Ho har med seg erfaring med prosessar. Alle bare er positive, men blir snakka om. Eg blir eg skeptisk. Slik at alt er positivt.